

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 15.05.2017  
**Tidspunkt:** 09:00

---

Eventuelt forfall meldast snarast på tlf. 948 80 564 (Kari) eller 947 89 126 (Magnus)

Vararepresentant møter etter nærare beskjed.  
Svein Blankenborg blir kalla inn for Iselin Jonassen, som har meldt forfall

Oppkopling telefonmøte:  
Ring 800 88 860  
Slå kode 605747#

Med helsing

Kari Sveen  
nasjonalparkforvaltar



**Jotunheimen**  
**nasjonalpark**

Mobil: 948 80 564

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 27/2017	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 28/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Utbedring av avløpsanlegg gnr. 155/1/67 - Glitterheim Turisthytte v/ Asplan Viak		2017/89
ST 29/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Tilbygg med utviding av varemottak og spiserom - Memurubu Turisthytte - gnr. 155/1/167		2017/2959
ST 30/2017	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 -2018 - Bruk av drone, helikopter og snøscooter til filmprosjekt om Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen - Norsk Fjellsenter		2017/2838
ST 31/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bruk av drone for filming av Besseggen - NRK Hedmark og Oppland		2017/3035
ST 32/2017	Eventuelt		

Arkivsaksnr: 2017/89-6

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 04.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	28/2017	15.05.2017

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Utbedring av avløpsanlegg gnr. 155/1/67 - Glitterheim Turisthytte v/ Asplan Viak**

### **Forvaltar si innstilling**

DNT Oslo og omegn får med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon for bygging av nytt reinseanlegget ved Glitterheim Turisthytte.

Løyvet omfattar følgjande tiltak:

1. Avlaupsanlegg med nødvendige innretningar med heimel i § 3 pkt. 1.3 b).
  - Plassering skal skje i tilknytning til det etablerte bedriftsområdet, på best eigna område etter fagleg vurdering av Lom kommune
  - Alle innretningar skal utformast og påførast farge som gjer at det blir minst mogleg synleg i landskapet. Eventuelle bygg skal ha lik farge med eksisterande bygningar.
  - Toppdekke etter gravearbeid skal vera stadeigent materiale. Det skal ikkje tilsåast med tilført frømateriale.
2. Dispensasjon frå § 3 pkt. 7.1 om bruk av kjemiske midlar blir godkjent med heimel i § 48 i naturmangfaldlova , jf § 4 i verneforskrifta
3. Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta for nasjonalparken. I tillegg skal saka behandlast av Lom kommune som myndigheit etter forureiningslova og plan- og bygningslova.
4. Tiltakshavar har ansvar for innhenting av eventuelle godkjenningar frå grunneigar.

For motorisert transport må det leggest fram ein gjennomføringsplan som viser samla transportbehov knytt til utbygginga. Dispensasjon for nødvendig motorferdsel blir behandla av nasjonalparkstyret eller arbeidsutvalet når denne planen ligg føre.

### **Saksopplysningar**

Saksdokument:

- Rapport av 11.02.2016 frå Asplan Viak - Tilstandsvurdering av avløpsanlegget for Glitterheim Turisthytte i Lom kommune
- Brev av 23.09.16 frå nasjonalparkforvaltar til DNT Oslo og Omegn - Referat frå felles drøftingsmøte med nasjonalparkstyret på Glitterheim 7. september 2016
- Asplan Viak – oversending ved e-post 22.03.2017 – *Rapport / utslippssøknad med vurdering av nytt reinseanlegg for avløpsvann på Glitterheim fjellstue*
- Statskog, e-post av 30.03.17 - *Uttalelse til rapport - Jotunheimen nasjonalpark - Utbedring av avløpsanlegg*
- E-post av 13.05.16 frå nasjonalparkforvaltar til Lom kommune – spørsmål om krav til reinsing m.m. som gjev føringar for tiltak som er nødvendige i nasjonalparken.

Tilstandsvurdering frå 2016 konkluderte med at reinseanlegget ved Glitterheim turisthytte frå krev ei oppgradering. Vidare arbeid har resultert i ei søknad om utsleppsløyve, der Asplan Viak vurderer kjemisk reinseanlegg med etterpoleringsanlegg for vidare reinsing av organisk materiale og bakteriar / smittestoff som mest aktuelt.

Nasjonalparkstyret har behandla spørsmål om prøvegraving i sak 26/2016, og fekk ei førebels orientering om mogleg utbetring under synfaring i samband med styremøtet på Glitterheim 7. september 2016. Saka vart oppsummert slik i møtoreferat av 23.09.16:

d) Reinseanlegg

*Etter oppdrag frå Lom kommune er det utført tilstandsvurdering på anlegget av Asplan Viak. Det er registrert ureining i elva nedanfor, men dette kan også skuldast vassig rundt utedoen. Utsjekk av dette punktet skal gjennomførast før ein evt. må gå vidare med tiltak på reinseanlegget dersom problemet ikkje blir løyst. Nasjonalparkstyret tek saka til førebels orientering.*

Foto frå synfaring 7. sept. 2016, som viser landskapet og eksisterande kummar:



Statskog har i sin uttale av 30.03.17 gjeve følgjande vurdering:

*«Statskog som grunneier har ikke innvendinger til etablering av nytt renseanlegg slik det som det foreslås i eposten. Dvs. kjemisk renseanlegg med etterpoleringsanlegg. I og med at Glitterheim ligger i nasjonalpark er vår oppfatning at en bør velge det etterpoleringsanlegget som gir best mulig renseeffekt.*

*Slamlagune:*

*Det går ikke fram av rapporten om eksisterende slamlagune er tenkt brukt i samband med det nye anlegget. Ut fra bilde og omtale i rapporten er Statskog skeptisk til videre bruk av den eksisterende lagunene og ber søker vurdere om ikke slam fra renseanlegget heller bør kjøres til anlegg i bygda.»*

I møte med Lom kommune 4. mai orienterte kommunen om nødvendig reinsegrad. Kjemisk reinsing gjev tilfredsstillande fosforreduksjon, og dei ser ikkje grunnlag for å krevje bygging av større infiltrasjonsanlegg med store mengder tilkjørt masse, ut frå ei samla vurdering av tilhøva på staden. Terrenginngrepa blir etter dette relativt avgrensa, men med behov for nedgraving av nødvendige leidningar og kummar, og eit lite bygg som skjermar installasjonane.

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.1 set forbod mot inngrep i landskapet:

### 1.1 Vern mot inngrep i landskapet

*«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmmande.»*

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i 1.3. a) og b) likevel gje løyve til:

- a) Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.
- b) Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.

Når det gjeld forureining har gjev forskrifta følgjande føringar i § 3 pkt. 7.1:

*«All slags ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.»*

Utslepp av kloakk og bruk av kjemiske midlar er etter dette ikkje lov, men forvaltninga kan med heimel i den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, jf. naturmangfaldlova §

48, gje dispensasjon for nødvendige tiltak knytt til pkt. 1.3. b), herunder kjemiske midlar i eit reinseanlegg.

Nasjonalparkstyret fekk i samband med møte på Glitterheim 7. september 2016 ei førebels orientering om behovet for utbetring av avløpsanlegget, og stilte seg i utgangspunktet positive til oppfølging av pålegg heimla i andre lovverk knytt til brannvern og forurening. Tiltaket vert vurdert å koma inn under § 3 pkt 1.3 b) i av verneforskrifta, som opnar for innretningar som er nødvendige for drifta. Tiltaket blir vurdert som eit nyanlegg, da det er fullstendig utskifting av det gamle anlegget.

Det er vanskeleg å drive biologiske reinseprosessar på anlegg med ujamn belastning, jf. fagleg vurdering i rapport frå Asplan Viak. Det er derfor grunnlag for å opne for dispensasjon frå forbodet mot tilføring av kjemiske stoff for å bygge eit kjemisk anlegg med betre og meir kontinuerleg reinseprosess.

Tiltaket er nødvendig for å hindre ureining av området rundt Glitterheim.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer innan område som allereie er i bruk for turistformål

§ 9 Føre-var prinsippet: Det omsøkte tiltaket er lokalisert i tilknytning til etablert bedriftsområde og ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til inngrep i landskapet, men det omsøkte tiltaket fyller eit dokumentert behov for å hindre forureinande utslepp i naturen. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Utbetring av avløpsanlegget er eit grep for å rette opp forhold med ikkje tilfredsstillande reinsing i det gamle anlegget.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at transport knytt til anleggsarbeidet blir planlagt godt for å unngå unødige kjøring innan verneområdet. Toppdekk etter gravearbeid må vera stadeigent materiale, og det blir tilrådd at overflatemassar som uansett må fjernast i samband med tilrettelegging av tomt for ny sjølvbetjeningsbustad blir nytta som overdekning der det måtte verta behov. Det skal ikkje tilsåast med tilført frømateriale.

#### Konklusjon:

Nytt reinseanlegg blir vurdert om nødvendig for tilfredsstillande drift av turisthytta.

Tiltaka skal også behandlast etter Plan- og bygningslova av Lom kommune. Det krev vidare samtykke frå Statskog, som grunneigar, dersom gjeldande festekontrakt ikkje tek høgde for eventuelle nybygg og ombyggingar.

Motorferdsel knytt til byggeverksemda må behandlast som eiga sak, da det fleirårige motorferdselløyvet berre dekkjer driftsmessige behov.

Arkivsaksnr: 2017/2959-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 03.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	29/2017	15.05.2017

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Tilbygg med utviding av varemottak og personalrom - Memurubu Turisthytte - gnr. 155/1/167

### Forvaltar si innstilling

Memurubu Turisthytte får med heimel i § 3 pkt. 1.3. a) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon for oppføring av utvida varemottak, lager og personalrom, i samsvar med søknad av 27.04.17 frå Brun Bygg. Løyvet omfattar følgjande tiltak:

1. Tilbygg/ombygging av eksisterande varemottak, ei utviding på 24,5 m<sup>2</sup> BYA
2. Tilbygget skal utførast med materialar i same stil som eksisterande bygg, jf. byggjeteikningane, men det må påførast ein mørk og avdempa brunfarge som fyller krav sett i verneforskrifta, og ikkje nyttast same farge som hovudbygning har i dag.
3. Fargebruk: Med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd blir løyvet gjeve med vilkår om at Memurubu Turisthytte følgjer opp tilrådingar i utarbeidd landskapsplan, og at dette nye tilbygget blir første trinn i prosessen med å endre den oransjeraude fargen på bygningsmassen slik at bedrifta på sikt kan framstå med fasadar som er i tråd med føringar i verneforskrifta som føreset at bygg skal utformast «*i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet*». Resten av hovudbygningen og andre bygg skal påførast mørkebrun farge etter kvart som det vert tid for vedlikehaldsbeising.

Løyvet gjeld i høve til verneforskrifta for nasjonalparken. I tillegg må sakene behandlast av Lom kommune som myndigheit etter plan- og bygningslova, og tiltakshavar har sjølv ansvar for innhenting av eventuelle godkjenningar frå grunneigar.

For motorisert transport må det leggast fram ein gjennomføringsplan som viser samla transportbehov knytt til utbygginga. Dispensasjon for nødvendig motorferdsel blir behandla av nasjonalparkstyret eller arbeidsutvalet når denne planen ligg føre.

## Saksopplysninger


Saksdokument:

- Byggesøknad 27.04.2017 frå Memurubu Turisthytte v/ Brun Bygg – oversendt ved e-post av 02.05.2017 frå Lom kommune.
- Landskapsanalyse utarbeidd av Feste Landskapsarkitekter, juni 2004, på oppdrag frå Fylkesmannen i Oppland.


Memurubu Turisthytte søker om byggjeløyve for tilbygg til hovudbygningen på gnr. 155/1/167. Tilbygget er på 24,5 m<sup>2</sup> BYA, og vil gje utviding av personalrom, auka frysekapasitet og større varemottak.

Lom kommune har vidaresendt søknaden 02.05.17 for behandling i nasjonalparkstyret før dei tek saka opp til behandling etter plan- og bygningslova.

Oversiktsfoto og kart:




## Situasjonsplan:



■ Eksisterande bygg ■ Tilbygg

## Teikning, ny fasade:



## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Forskrift om Jotunheimen nasjonalpark set forbod mot oppføring, utviding og ombygging av bygningar. Forskrifta § 3 pkt. 1.3 a) opnar likevel for at det kan gjevast løyve til byggjetiltak som vert vurdert som nødvendig for drift av turisthytter:

a) *Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.*

Tiltaket vert vurdert å koma inn under § 3 pkt 1.3 a) i av verneforskrifta, som opnar for *Ombygging og mindre utviding av eksisterande bygningar.*

Siste ledd i pkt. 1.3 gjev vidare føringar for utsjånad på nye bygningar:

*«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»*

Forvaltningsplanutkastet frå 2008, som førebels blir nytta som eit rettleiande dokument, gjev følgjande føringar i kap. 8.2. – *TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST:*  
*«Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.»*

For Memurubu spesielt er det vidare vist til følgjande i kap. 8.2:

*«Memurubu turisthytte fekk løyve til omfattande utviding og nybygg i 1990. I tillegg vart det gjeve løyve til oppføring av betjeningsbustad i 1999. Ein del av byggjetiltaka har fått ei uheldig utforming med terrenginngrep. Dette er bakgrunnen for at Fylkesmannen i Oppland har fekk utarbeidd ein landskapsanalyse for Memurubu (2004). Gjennom denne vert det lagt eit grunnlag for å retta opp feila som er gjort og kome fram til ei betring av situasjonen på staden. Framover vil det vere ei prioritert oppgåve å få til opprydding i området med utkøyring av avfall og overskotsmateriale som er på området kring Memurubu. Vidare blir revegetering, sanering av unødige vegar, og få ein farge på eksponerte bygg som i mindre grad bryt med omgjevnadene, vere viktig.»*

Området er etter dette i stor grad revegetert, og det er planert og pynta opp etter gravearbeid knytt til den tidlegare byggeverksemd, sjå oversiktsfoto som viser dette. Fargen på bygg er derimot uendra.

Tilbygget har ei harmonisk utforming knytt til hovudbygget, jf. byggjeteikningane. Eksisterande hovudbygning og eit par andre nyare bygg i Memurubu har ein skarp raudoransje farge som gjev anlegget eit svært dominerande uttrykk som ikkje er i tråd med føringane gjevne i siste ledd av § 3 pkt. 1.3. Tilpassing til landskapet er eit krav sett i verneforskrifta, og det må nå arbeidast for å få ein meir avdempa farge på bygningane etter kvart som det blir behov for vedlikehaldsbeising. Beising av dette nye tilbygget bør vera første trinn mot å oppfylle kravet om fargebruk. Dette kan føre til at det i ein overgangsperiode kan bli ulik farge mellom nybeisa bygg og dei øvrige bygga på staden, men omsyn til landskapsverdiane tilseier at alle bygg over eit tidsrom bør påførast ein mørkare og meir dempa brunfarge enn den sterke oransjeraude som er nytta på anlegget i dag – jf. landskapsanalysen. Den mørke brunfargen nytta på lagerbygga og bustaden nedanfor hovudbygget kan vera eit godt utgangspunkt.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

§ 8 – Kunnskapsgrunnlaget: Det er god kunnskap om området, og tilrettelegginga skjer som tilbygg på eksisterande hovudbygning på bedriftsområdet.

§ 9 – Førre-var prinsippet: Det omsøkte tiltaket gjeld eit mindre påbygg til eksisterande turisthytte, og ein kan ikkje sjå at dette vil gje vesentleg meirbelastning på naturmiljøet ut over transport og aktivitet i sjølve byggeperioden.

§ 10 – Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til byggjetiltak, og det omsøkte tiltaket fyller eit behov for betre tilrettelegging for varemottak, lager og personalrom. Det gjev ikkje auka kapasitet. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, der nytteverdien er større enn ulempene.

§ 11 – Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Spørsmålet vert vurdert ikkje relevant.

§ 12 – Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er ein føresetnad at transport av byggevarer og utkjøring av rivingsmaterialar blir planlagt godt for å unngå unødig kjøring innan verneområdet.

### Konklusjon:

Tilbygget gjev ikkje auka overnattingskapasitet, men gjev driftsmessige fordelar. Landskapsmessig har tilbygget eit arkitektonisk uttrykk som harmonerer med hovudbygget, og det vil ikkje vera synleg for innsyn frå Gjende. Tilbygget bør vera første trinn på vegen mot meir avdempa fargebruk, og det bør veljast ein farge som harmonerer betre med omgjevnadene enn den oransjeraude fargen som er brukt til nå. I samband med framtidig vedlikehaldsbeising må det arbeidast for å få lik farge på alle bygga, slik at bedrifta over tid får fargar som i større grad innordnar seg landskapet, jf. landskapsanalysen.

Tilbygg/ombygging av varemottak/lager/personalrom blir ikkje vurdert til å gje negative konsekvensar for naturmangfaldet, under føresetnad at tiltakshavar legg til rette for ei gjennomføring som sikrar at samla transport knytt til byggeperioden blir redusert til eit minimum. Motorferdsel knytt til byggeverksemda må behandlast som eiga sak, da det fleirårige motorferdselløyvet berre dekkjer driftsmessige behov.

Tiltaka skal også behandlast etter Plan- og bygningslova av Lom kommune. Det krev vidare samtykke frå Statskog, som grunneigar, dersom gjeldande festekontrakt ikkje tek høgde for eventuelle nybygg og ombyggingar.

Arkivsaksnr: 2017/2838-3

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 26.04.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	30/2017	15.05.2017

## Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 -2018 - Bruk av drone, helikopter og snøscooter til filmprosjekt om Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen - Norsk Fjellsenter

### Forvaltar si innstilling

Norsk Fjellsenter får med heimel i § 48 i naturmangfaldlova, jf. den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, dispensasjon for bruk av snøscooter, drone og lågtflyging med helikopter i samband med filmprosjekt. Løyvet er gjeve med følgjande føringar:

- Løyve til lågtflyging med helikopter gjeld for inntil to dagar i 2017/2018, for følgjande av rutene opplista i søknaden:
  - Flyby 1 - inn frå Russvatnet opp ved fossen til Øvre Russglopet og inn den bratte brean mot Surtningssue, lette over kanten og få tindane innover Jotunheimen midt imot.
  - Flyby 2 - inn Trollsteinskivølvn frå Veodalen, til Trollsteinstjønne, inn Grotbrean langsmed Trollsteinegga mot Glittertind og vippe over kanten med tindane i Jotunheimen midt imot.
  - Flyby 3 - frå Elveseter inn Storjubrean, opp Porten og Galdhøpiggen.
  - Flyby 4 - inn Skagastølsdalen og vippe opp over kanten ved Skagastølsbu, så Jotunheimen åpnar seg imot. Denne ruta kan berre flygast på sommar og haust.
  - Flyby 7 - Besseggen, Gjende, Memurudalen, Vestre Memurubrean, Hellstugubrean, Visdalen, Svellnosbrean, rundt Piggen. Den del av ruta som går over Knutshø inngår ikkje i løyvet.
  - Flyby 8 - Smørstabbtindane, Rauddalstindane, Mjølkedalstind, Rauddalseggje, Sagi/Mjølkedalspiggane, Uranostind, Falketind, Stølsnostind.
  - Flyby 9 -inn Utladalen til Vettisfossen, opp langs denne og austover Morka-Koldadalen eller Fleskedalen mot Stølsnostind og over til Uranostind. Ned Skogadalsbreen og Skogadalen, kryss Utladalen og opp Maradalen og Maradalsbrean til Sentraltind (Hurrungane)
- Løyve til bruk av snøscooter gjeld for følgjande ruter innan Jotunheimen n.p.:
  - Juvflye-Galdhøe

- Frå Krossbu via Vetle Utladalen mot Hillerhø
- Frå Turtagrø mot Keisarpasset
- Bruk av drone skjer i kombinasjon med filming frå bakken på nærare avtala lokalitetar, på følgjande vilkår:
  - Flyging nær dyr, hekkeplasser og hi-lokalitetar skal unngås.
  - Det skal visast respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv. (Samferdselsdep. 2015-11-30)*
  - Tidsrom for filming med drone blir avklara gjennom tett dialog med forvaltarane og SNO undervegs i prosjektet.
- All filming skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger
- Både ved lågtflyging og bruk av snøscooter og drone skal det takast særleg omsyn til fugle- og dyrelivet, og generelt omsyn til andre brukarar.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt seinast dagen før gjennomføring (mob. 959 65 158 – e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)).

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift.

Start og landing med helikopter skjer utanom verneområda, der kommunen må behandle søknaden som myndigheit etter motorferdsellova. Bruk av snøscooter krev tilsvarande behandling i kommunane, etter nasjonal forskrift til motorferdsellova. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

## Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad av 17.03.17 frå Norsk fjellsenter, oppdatert ved tillegg datert 27.03.17

Om søknaden

Norsk Fjellsenter søker om dispensasjon for bruk av drone, snøscooter og lågtflygning med helikopter (under 300 m), innan Jotunheimen nasjonalpark.

I søknaden er det gjort slik greie for planlagt opplegg:

### «Introduksjon

*I samband med den nye hovudstillinga på Norsk fjellsenter skal vi lage ein 3-5 min. introfilm om nasjonalparkane Reinheimen, Breheimen og Jotunheimen som skal visast i stort breddeformat i det du kjem inn i utstillingsrommet. Filmen skal vise dei fremste naturkvalitetane ved parkane gjennom eit år og vere akkompagnert av naturlyder. Målet med filmen er å inspirere til å ta vare på naturen, ikkje gjennom å fortelje dei om verneverdiane, men ved å syne dei fram. Vi ønskjer å trollbinde dei besøkande og vekke kjensler gjennom å syne det mektige og varierte fjellandskapet, med fokus på den reine naturen, møte med naturelement og kontrastane i landskapet frå det minste til det største. Vi har hatt ein anbodskonkurranse og har inngått samarbeid med Flash studio om produksjonen.*

### Om filminga


Filminga vil foregå til ulike årstider i dei tre parkane, og eit utkast til stader og tidspunkt er laga saman med nasjonalparkforvaltare og lokale kjendfolk. Utkastet ligg vedlagt. Filmprodusentane ønskjer å variere mellom bakkefilming og drone, dette for å kunne syne naturkvalitetane frå ulike perspektiv og for å kunne sjå samanhenger i landskapet. Vi er opne for å justere planar og ønskjer eit tett samarbeid med forvaltninga og kommunar.

### Eventuell utviding av prosjektet

Om vi får støtte frå Innovasjon Norge ønskjer vi å utvide prosjektet til også å gjelde ein helikoptertur i kvar sesong med det nyaste filmutstyret som er på marknaden. Den fyrste helikopterturen blir tidligast våren 2017. Dette er eit kostbart prosjekt, men vil gi ei uvurdelig database med film og bildemateriale som samlast i ein søkbar database som både reiseliv og forvaltninga har tilgang til.

Målet med dette er at ein har tilgjengeleg materiale i særskild god kvalitet, og kan slippe mange fleire turar i verneområda.»

Kartvedlegg som følgjer søknaden viser planlagde ruter (— helikopter, — snøscooter):



Oversikt over planlagde turar i nasjonalparkane er skildra i vedlegg til søknaden.

### Helikopter

Det er søkt om 1 dag pr. årstid for Jotunheimen, med følgjande tema/lokalisitet: «Morgonljøs ved Øvre Leirungen og innover Gjendealpen.

Morgonljøs i Hurrungane, der ein flyr inn Dyrhaugsryggen, og får soloppgangen i aust med Skagastølstindane i framgrunnen

Kveldsljøs/solnedgang frå pinaklane på Knutseggen mot ein solnedgang i vest.

Flyby 1 - inn frå Russvatnet opp ved fossen til Øvre Russglopet og inn den bratte brean mot Surtningssue, lette over kanten og få tindane innover Jotunheimen midt imot.

Flyby 2 - inn Trollsteinskølven frå Veodalen, til Trollsteinstjønne, inn Grotbrean langsmed

Trollsteinegga mot Glittertind og vippe over kanten med tindane i Jotunheimen midt imot.

Flyby 3 - frå Elveseter inn Storjuvbreen, opp Porten og Galdhøpiggen.

Flyby 4 - inn Skagastølsdalen og vippe opp over kanten ved Skagastølsbu, så Jotunheimen åpnar seg imot.

Flyby 5 - inn Ringsbotten, og vippe over kanten mellom Midtre og Austre Ringstind, slik at Jotunheimen åpnar seg midt imot.

Flyby 6 - inn Gravidalen og opp mellom Austabottind og Store Ringstind, eventuelt mellom Store og Midtre Ringstind, og så aust mot Søre Dyrhaugstind og Store Skagastølstind.

Flyby 7 - Knutshøe/Bessekken, Gjende, Memurudalen, Vestre Memurubreen, Hellstugubreen, Visdalen, Svellnosbreen, rundt Piggen.

Flyby 8 - Smørstabbtindane, Rauddalstindane, Mjølkedalstind, Rauddalseggje, Sagi/Mjølkedalspiggane, Uranostind, Falketind, Stølsnostind.

Flyby 9 -inn Utladalen til Vettisfossen, opp langs denne og austover Morka-Koldadalen eller Fleskedalen mot Stølsnostind og over til Uranostind. Ned Skogadalsbreen og Skogadalen, kryss Utladalen og opp Maradalen og Maradalsbreen til Sentraltind (Hurrungane)»

### Snøscooter:

«Ein dag på Galdhø, med panoramafilming.

Ein dag over Sognefjellet. Frå Rustasæter opp til Krossbu. Ein avstikker ut til Storokle og kanskje Hillerhø, for å filme Hurrungane frå den kanten. Så vidare over Sognefjellet, og opp på Helgedalsnose.

Ein dag med Lom Tamreinlag for å ta opp lyden av rein, samt noko nærfilming.»

### Drone

Dette gjeld kortare turer på nokre minutt på kvar lokalitet, som supplement til filming frå bakken. Planen er å avtale nærare dato kring kvar filming med SNO og forvaltarane.

For Jotunheimen gjeld søknaden desse lokalitetane:

<b>Årstid</b>	<b>Lokalitet i nasjonalpark / landskapsvernområde og randsone</b>	<b>Lengde</b>	<b>Filming</b>
Vår 2017	Vettisfossen Raudbergstultjønne Leirungsdalen Visdalen	5 dagar	Bakke og drone
Sommar 2017	Leirdalen Tyin/Uranostind Olavsbu Fanaråken Kyrkjeglupen Storebreen Bøverbreen indre Veodalen Storflye	5 dagar	Bakke og drone + bil inn veodalen
Haut 2017	Svartdalsmorkje Bøverkinshalsen Gjende, Øvre Leirungen Grønhø Sognefjellet	4 dagar	Bakke og drone
Vinter 2018	Galdhø Sognefjellet	1 dag på kvar plass	Frå bakke og drone

### **Vurdering**

*Søknaden blir vurdert etter*

- Verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde, revidert 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 (forkorta nml)
- Utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå 2008

### Verneforskriftene

§ 3, pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel og lågtflyging under 300 m over bakken.

Verneforskriftene § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken/landskapsvernområdet. Det er tolka at «og liknande» omfattar dronar.

Det er ikkje spesifisert unntaksregel for bruk av motoriserte hjelpemiddel til i samband med filming, og søknaden krev behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

### Naturmangfaldlova

§ 48 opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig.*» Begge vilkåra må vera oppfylt.

Det følgjer ikkje av dette at dispensasjon *skal* gjevast om vilkåra er oppfylt, men forvaltninga *kan* da vurdere dispensasjon opp mot fordelar og ulemper.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er «*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

- - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*

- - - - -

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

### Forvaltningsplan og overordna føringar elles

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument, inntil revidert plan ligg føre. I utkastet er motorferdsel i samband med media omtala: «*Løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjevne. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l.*».

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite brukt teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, og kap. 8.14. gjev følgjande føringar for slike mindre farkostar:

«At framlegget til nye forskrifter inneheld forbod mot unødvendig støy (m.a. motordrive modellfly og modellbåt) er viktig fordi naturen sine egne lydar og stillheit er ein viktig del av naturmiljøet og for folk si natur- og friluftslivoppleving.»

### Vurdering

Norsk fjellsenter er autorisert besøkssenter for Jotunheimen, og det er viktig at senteret får fram ei utstilling av høg kvalitet som formidlar naturen og verneverdiane i nasjonalparken og dei andre verneområda rundt Lom. Nasjonalparkane er og viktige attraksjonar for reiselivet i regionen. Dette filmoppdraget vil gje biletmateriell som er laga med tanke på natur- og kunnskapsformidling, men det vil også medføre ei form for marknadsføring. Det er lagt opp til nokså omfattande filming av Jotunheimen, og sjølv om formålet med filminga er å formidle naturopplevinga og framheve området på ein positiv måte, er det viktig å ha ei tydeleg linje overfor alle aktørar når det gjeld behovet for skjerming av dei mest sårbare områda. Det er vanskeleg å få allmenn aksept for ei streng haldning dersom ein gjev egne samarbeidspartar mindre streng behandling enn den som blir praktisert overfor andre aktørar. Filmen skal formidle eit inntrykk av «*det mektige og varierte fjellandskapet, med fokus på den reine naturen, møte med naturelement og kontrastane i landskapet frå det minste til det største*» - jf. ordlyd i søknaden.

Dette kan ein oppnå sjølv om ein unngår enkelte av områda i nasjonalparken. Det er på grunnlag av dette ønskjeleg å styre motorferdsel (lågtflyging med helikopter) utanom dei to områda i parken der det er registrert konflikt mellom bruk og vern i delar av året:

- Knutshø – særleg vår og sommar
- Hurrungane – særleg vårskiløping før reinen trekkjer vestover for kalving

På bakgrunn av prinsipp om skjerming av sårbare lokalitetar er det ein fordel å avgrense helikopterbruken ved å ta ut den del av flygetraseen på rute 7 som går over Knutshø, og kutte ut rute 5 og 6 over Hurrungane. Rute 4, 8 og 9 vil vise mykje av same type landskap som rute 5 og 6. Rute 4 (Skagastølsdalen) bør avgrensast til sommar/haust, for å følgje ei konsekvent linje når det gjeld å skjerme villreinområdet mot uroing og tiltak som kan bidra til ei profilering som kan gje auka trafikk på ei årstid da det er lite ønskjeleg av omsyn til verneverdiane. Ein oppnådde i vår stor aksept blant andre brukarar for å utvise særleg varsemnd pga vanskelege beiteforhold, og det er viktig å ikkje opne for aktivitet som kan svekke denne haldninga hos allmenta.

Forbod mot motorferdsel og lågtflyging skal bidra til å ta vare på verneverdiane, men i særlege tilfelle kan ein opne for unntak. Påverknaden av helikopter er avgrensa i rom og tid og har ikkje permanent innverknad på naturverdiane i området. Motorferdsel kan påverke sårbar fauna, og støy kan oppfattast som sjenerande i høve til eit ønskje om å oppleve stillheit og ro på tur i fjellet, jf. formålsparagrafen. Fuglar og dyr er mindre sårbare på seinsommaren enn under hekke- og yngleperioden på våren, men ein må også vurdere korleis marknadsføring av eit sårbart område kan verke inn dersom ein promoterer dei mindre robuste områda i nasjonalparken. Auka ferdsel som følgje av ein utilsikta marknadsføringseffekt vil også koma til andre årstider, slik at ein ikkje berre kan vurdere områda ut frå når sjølve filminga skal skje, men også ut frå kva område ein kan opne for auka bruk utan at det går ut over verneverdiane. Det er i både i forvaltningsplanen frå 1998 og utkastet frå 2008 etablert eit system med sonedeling, der ein styrer bruken mot dei mest robuste områda, og har egne teigar som ein ønskjer å skjerme mot tilrettelegging som opnar for auka ferdsel. I formidling er det samtidig viktig å vise heilskapen, og gjennom tydeleg og god informasjon kan ein også bidra til å ta vare på dei sårbare områda. Intensjonen med denne filmen er ikkje informasjon om

verneverdiane, men å «*trollbinde dei besøkande*», og denne vinklinga gjev lite rom for informasjon av «oppdragande» karakter. Med denne kunstnariske eller kjenslemessige vinklinga er det også mange gode alternativ – utan å gå tett på dei sårbare lokalitetane.

Tiltaka vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova  
Dronebruk: Tiltaket skil seg klart frå filming av private turar, som det for tida kjem ein del søknader på. Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Det er derfor svært viktig å vise respekt for andre som ferdist i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Kunnskapsgrunnlaget er bra (nml § 8), og sonedelinga er gjort ut ifrå ein strategi som tek sikte på ei differensiert forvaltning med ulik grad av tilrettelegging. Robuste område har merka stigar og løyper, medan sårbare område er skjerma mot tilrettelegging. Føre-var-prinsippet og omsynet til økosystem og samla belastning (nml §§ 9-10) tilseier at ein følgjer sonedelinga i forvaltningsplanen og i størst mogleg grad unngår promotering av særskild sårbare område innan dei grønne vernesonene. Jotunheimen er eit populært område der mange ønskjer å filme, og det er viktig å behalde delar av verneområdet mest mogleg uforstyrra for å oppretthalde verneverdiane knytt til urørte område. Bruk av helikopter er ein effektiv måte til å skaffe ønskte filmopptak, og det er viktig at søkjaren er bevisst på at helikopter/drone/snøscooter berre skal brukast i den grad det er heilt nødvendig for å skaffe ønskt fotomateriale. § 11 i naturmangfaldslova er ikkje vurdert som relevant i denne saka. Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades, jf. § 12 om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». For å unngå unødig forstyrning av folk som nyttar området, er det positivt at ein unngår flyging på helgedagar, da det er størst utfart (nml § 12). Dersom flyginga fell saman med tidspunkt for samling av beitedyr, vil det vera viktig å halde tilstrekkeleg avstand for å unngå at dyra blir skremde eller uroa unødig.

### **Konklusjon:**

Godt biletmateriale over verneområda er viktig for å skape ei god utstilling på besøkssenteret, og formålet skil seg frå dei fleste andre søknadane om bruk av tekniske hjelpemiddel for fotografering og filming. På eit prinsipielt grunnlag er likevel viktig å unngå uroing eller promotering av sårbare område, og unngå aktivitet innan slike område dersom ein kan oppnå nokonlunde same effekt ved å filme på andre lokalitetar. Tidsrom for filming med drone bør avklarast gjennom tett dialog med forvaltarane og SNO undervegs i prosjektet.

Arkivsaksnr: 2017/3035-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.05.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	31/2017	15.05.2017

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Bruk av drone for filming av Besseggen - NRK Hedmark og Oppland

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, gjev Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for bruk av drone for filmopptak for ei sending som viser turen over Besseggen minutt for minutt, i tråd med søknad av 03.05./04.05.17 frå NRK Hedmark og Oppland.

Dispensasjonen gjeld for *ein* dag i løpet av august/september 2017 på følgjande vilkår:

1. Området er avgrensa til Gjende og ruta over Besseggen
2. Flyging nær dyr og hekkeplasser skal unngås.  
Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger. Aktuelle dagar er 25., 26. eller 27. august, eller ein av dagane 1., 2. eller 3. september 2017.
3. Filmen skal ikkje vise tekniske hjelpemiddel som drone, men berre vise sjølve turen.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding om dato seinast dagen før kvar flyging via e-post ([rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Dersom det oppstår forhold som gjer det nødvendig å justere tidsrom, må spørsmålet varslast til nasjonalparkforvaltar i god tid.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post om opptaksområde og samla omfang av flyging ved avslutning av opptaksperioden.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 03.05.17/04.05.17 frå NRK Hedmark og Oppland  
NRK Hedmark og Oppland søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen i samband med filming av Besseggen – minutt for minutt. Utdrag av søknaden:

*«Lørdag 26. august har vi tenkt å lage en 8-10 timer lang direktesending, Besseggen minutt for minutt. Vi begynner ved Gjendesheim, og byr den som ser på muligheten til å bli med på hele turen via Memurubu, Besseggen og tilbake til Gjendesheim.*

*- - -*

*I den forbindelse hadde det vært ønskelig med dronebilder fra eggen, og vi søker med dette om tillatelse til å ta slike bilder. Vi vil benytte NRK-godkjent dron fotograf til oppdraget, eller innleid fotograf med nødvendig sertifikat. Prosjektet vårt er avhengig av godvær, men er begrenset til en dag. Hvis det er dårlig vær 26. august, søker vi alternativt om tillatelse til å fotografere 25. august, 27. august, 1. september, 2. september eller 3. september.»*

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. Dersom tiltaket fell inn under andre delar av verneforskrifta enn motorferdsel kan det likevel trenge særskild løyve eller dispensasjon.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

*«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ganske mange slike saker i norske nasjonalparkar. Fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Fleire søknadar om bruk av drone for kommersiell filming i sårbare område som t.d. Hurrungane har fått avslag. Nasjonalparkstyret har på den andre sida innvilga nokre løyve til bruk av drone for filming i samband med marknadsføring av meir robuste delar av verneområdet. Besseggen er det største turistmålet i nasjonalparken, og området ligg innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008.

Om desse sonene står m.a.:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»*

Om teig 6 står følgjande: *Gjende aust-/Besseggen-/Besshø-området:*

*«Besshø-området er eit variert naturområde med fjelltoppar som er lett tilgjengelege heile året. Fjelltoppane er attraktive turmål både sommar og vinter.»*

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfugleir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare viltartar blir utsett for forstyrningar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. I dette tilfellet er ikkje det planlagde opptaksområde blant dei mest sårbare i høve til dyreliv.

Innan dette området er det særleg stor ferdsel, og det blir brukt forvaltningsmidlar for å førebyggje og reparere slitasje. Det er lite problematisk i høve til vernet at Besseggen blir framheva gjennom filming til eit program som kan ha marknadsføringseffekt. Forvaltninga må likevel ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre gje mange isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader. Det er viktig å merke seg at dispensasjonsregelen i nml § 48 ikkje kan brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, så det er svært viktig å ha ei særleg vurdering av presedensverknaden. Ein kan ikkje sjå at denne saka skaper presedens, da den ikkje er knytt til reklame eller marknadsføring, men skal formidle naturopplevinga ved å gå Besseggen. Den kan også bidra til å fylle eit informasjonsbehov om turen, da ein i dag ser at svært mange legg i veg utan tilfredsstillande utstyr og fysiske føresetnader for å gjennomføre ein såpass lang tur.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrtra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Turistmålet Besseggen har svært mange besøkande, og forventninga om å vera åleine i urørt natur er nok ikkje like sterkt til stades her som i område med liten ferdsel. Det er likevel svært viktig å vise respekt for andre turgåarar, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv.* (Samferdselsdepartementet 2015-11-30)

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området langs Besseggen-ruta, men ein manglar kunnskap når det gjeld bruk av dronar (RPA) og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det alltid viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Forvaltninga har bra oversikt på hekkelokalitetar for sårbare rovfuglar i austre del av Jotunheimen, og filming av turen over Besseggen kjem ikkje i konflikt med nokon av desse. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det likevel viktig å følgje utviklinga, og ta det opp ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruk av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av stor allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for reint private tiltak som skaper uheldig presedens ved at ein må vente svært mange liknande søknader til same formål. Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel i tilfelle der filming blir vurdert å vera av stor nytteverdi, slik at drone vil vera beste tekniske hjelpemiddel dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.

### **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein innan dette området tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Filming i dette området vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Turprogram om Besseggen er i stor grad med og formidlar turglede og det enkle friluftslivet. Det må setjast vilkår om at filmen ikkje set fokus på dei tekniske hjelpemidla som drone. Filmen vil gje realistisk informasjon om denne populære turen, og kan kanskje bidra til at fleire forstår at turen krev ei viss fysisk form og tilstrekkeleg med mat/drikke og gode sko og klede.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.